



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 18.10.2021
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 10:10 - 15:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som og førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
069/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
070/2021	Godkjenning av møtebok
071/2021	Finansrapportering pr. 2.tertial 2021
072/2021	Utbyggingsavtale Haugsvær Panorama
073/2021	Høyring - finansiering av frivillighetsental
074/2021	Tilskot frå Masfjorden kommune til TV-aksjonen 2021 - Plan Norge
075/2021	Tilskot til drift av tømmeanlegg for bubilar og off.toalett
076/2021	Søknad om kommunal medfinansiering og lån/forskottering ballbinge Skjelsundet
077/2021	Søknad om utgreiing om justering av kommunegrensene
078/2021	Framlegg til revisjon vedtekter for Masfjorden Ungdomsråd
079/2021	Klage på delegert vedtak saknr 076/2021 datert 25.06.2021
080/2021	Framlegg til kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2021 - 2033
081/2021	Oppstart av kommunedelplan for drikkevatt og avlaup for Masfjorden kommune 2021 - 2033
082/2021	Oppstart av reguleringsplan for Botneset gnr 31 bnr 1 m.fl.
083/2021	Utbygging av Risnes tomteområde ved Dragseidet -
084/2021	Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031
085/2021	Delegerte saker
086/2021	Referatsak
087/2021	Framlegg til revisjon vedtekter for Masfjorden Ungdomsråd
088/2021	Søknad om forskottering tippemidlar m.m. - Kvinge grendalag
089/2021	Frivilligsentral i Masfjorden kommune
090/2021	Økonomisk rapportering - 2.tertial 2021
091/2021	Revidert framlegg til reguleringsplan for Storeskjeret på Sandnes

069/2021: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Det vart sett fram forslag om å trekke sak PS 078/2021 frå sakslista då det ved ein feil vart sendt ut ei uferdig saksutgreiing. Rett saksutgreiing ligg i sak PS 087/2021 som vart sendt ut i tilleggsinnkallinga.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 069/2021 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

070/2021: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 070/2021 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

071/2021: Finansrapportering pr. 2.tertial 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Finansrapport pr. 2.tertial 2021 vert teken til vitring

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 071/2021 VEDTAK:

Finansrapport pr. 2.tertial 2021 vert teken til vitring

072/2021: Utbyggingsavtale Haugsvær Panorama

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret godkjenner framlegg til utbyggingsavtale for Haugsvær Panorama parsell av gnr. 47 bnr. 5 dagsett 28.09.2021.

Tilskotet til utbygginga vert å ta over bustadfondet.

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 072/2021 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner framlegg til utbyggingsavtale for Haugsvær Panorama parsell av gnr. 47 bnr. 5 dagsett 28.09.2021.

Tilskotet til utbygginga vert å ta over bustadfondet.

073/2021: Høyring - finansiering av frivilligheitsentral

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune meiner at finansieringsmodell 1 jf. høyringsnotat 12.8/20.8.2021 må leggjast til grunn som grunnlag for utrekning av tilskot frivilligheitsentral, frå og med 1.1.2022

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 073/2021 VEDTAK:

Masfjorden kommune meiner at finansieringsmodell 1 jf. høyringsnotat 12.8/20.8.2021 må leggjast til grunn som grunnlag for utrekning av tilskot frivilligheitsentral, frå og med 1.1.2022

074/2021: Tilskot frå Masfjorden kommune til TV-aksjonen 2021 - Plan Norge

Rådmannen sitt framlegg:

Det vert løyvd krone 10.000,- til TV-aksjonen 2021 til Plan Norge sitt arbeid.

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 074/2021 VEDTAK:

Det vert løyvd krone 10.000,- til TV-aksjonen 2021 til Plan Norge sitt arbeid.

075/2021: Tilskot til drift av tømmeanlegg for bubilar og off.toalett

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune støttar innkomne søknader, og tilbyr ein 2 – årig prøveavtale for perioden 1.5.2021 – 30.4.2023 med avtalar med hhv. Kvingo Nærkjøp as med kr. 60.000 pr. år, og Haugsværtunet med kr. 70.000,- pr.år.

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 075/2021 VEDTAK:

Masfjorden kommune støttar innkomne søknader, og tilbyr ein 2 – årig prøveavtale for perioden 1.5.2021 – 30.4.2023 med avtalar med hhv. Kvingo Nærkjøp as med kr. 60.000 pr. år, og Haugsværtunet med kr. 70.000,- pr.år.

076/2021: Søknad om kommunal medfinansiering og lån/forskottering ballbinge Skjelsundet

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune yter Skjelsundet vel eit lån på kr. 300.000,- som forskottering av tippemidlar, lånet vert gitt med rente- og avdragsfri periode på 1 år. Vert forskotteringa utover 1 år, legg ein til grunn ordinær utlånsvilkår, for utlån frå kommunen.

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Erlend Kvamsdal (H) sa han var ugild i denne saka grunna at han er leiar i Skjelsundet vel. Formannskapet samla seg om at Kvamsdal var ugild og han forlot møtet.

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande tillegg til framlegg til vedtak i møtet:

Masfjorden kommune yter Skjelsundet vel eit tilskot på kr 100 000,- finansierte over fond kulturmidlar

Framlegg til vedtak vart samrøystes (4 røyster) tilrådd til kommunestyret.

FS - 076/2021 VEDTAK:

Masfjorden kommune yter Skjelsundet vel eit lån på kr. 300.000,- som forskottering av tippemidlar, lånet vert gitt med rente- og avdragsfri periode på 1 år. Vert forskotteringa utover 1 år, legg ein til grunn ordinær utlånsvilkår, for utlån frå kommunen.

Masfjorden kommune yter Skjelsundet vel eit tilskot på kr 100 000,- finansiert over fond kulturmidlar.

077/2021: Søknad om utgreiing om justering av kommunegrensene

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram til drøfting, og forslag til uttale er innarbeidd som del av saksutgreiinga, Masfjorden kommune støttar at det vert sett i gang ei konsekvensutgreiing av grensejusteringa.

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 077/2021 VEDTAK:

Masfjorden kommune støttar at det vert sett i gang ei konsekvensutgreiing av grensejusteringa.

078/2021: Framlegg til revisjon vedtekter for Masfjorden Ungdomsråd

Rådmannen sitt framlegg:

Skriv inn framlegg til vedtak her

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Det vart ved ein feil sendt ut ei uferdig saksutgreiing. Saka vart trekt og ein viser til sak PS 069/2021 Godkjenning av møtebok og PS 87/2021 Framleg til revisjon vedtekter for Masfjorden Ungdomsråd.

FS - 078/2021 VEDTAK:

Saka vart trekt.

079/2021: Klage på delegert vedtak saknr 076/2021 datert 25.06.2021

Rådmannen sitt framlegg:

Klage frå Kåre Langhelle datert 17.08.2021 vert ikkje teke til følgje. Det vert vist til delegert vedtak datert 25.06.2021 og rådmannen sine vurderingar under. Saka vert i medhald av plan- og bygningslova § 1-9 sendt over til endeleg klagevurdering hjå

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Erlend Kvamsdal (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Klagen vert teken til følgje og vedtak av 25.06.2021 vert gjort om, jf. Forvaltningslova

Det vert gjeve dispensasjon for arealoverføring frå Gbnr 42/5 til gbnr 42/11 i medhald av plan og bygningslova paragraf 19-2 som omsøkt.

Grunngjeving:

Formannskapet vil seie seg enig med klagaren i at kommuneplanen 5.1.3 gjeld tomtestørrelsen i byggjeområdet sett av til nye hytter, og at det ikkje er sikkert at den gjev heimel til å redusera størrelsen av ein søknad om tilleggsareal for ein eldre hytteeigedom i eit LNF område.

Tilsvarande usikkerheit er det også med å vurdere arealet av hytteeigedomen i saman med søknadsarealet på 1,5da, som dermed til saman vert ca.2da. For så å trekkja ifrå 0,5da da.

Formannskapet finn det også spesielt at klagaren som i mange år har tinglyst avtale over full disposisjonsrett over vel 2,0da, ikkje skal få lov til å verta formell eigar av heile eigedomen. Ein eigedom i utmark der bergknauser og skrentar hindrar full utnyttelse.

Formannskapet meiner vidare at når nabohytta gbnr 42/9 gong på gong har fått ja til søknader om tilleggsareal og i dag har eit areal på nær 2,0da vil det opplevast som kommunal forskjellshandsaming.

Formannskapet vil utifrå ei samla vurdering gje klagaren medhald i klagen.

Framlegg til vedtak frå Høgre vart samrøystes vedteke.

FS - 079/2021 VEDTAK:

**Klagen vert teken til følgje og vedtak av 25.06.2021 vert gjort om, jf. Forvaltningslova
Det vert gjeve dispensasjon for arealoverføring frå Gbnr 42/5 til gbnr 42/11 i medhald av plan og bygningslova paragraf 19-2 som omsøkt.**

Grunngjeving:

Formannskapet vil seie seg enig med klagaren i at kommuneplanen 5.1.3 gjeld tomtestørrelsen i byggjeområdet sett av til nye hytter, og at det ikkje er sikkert at den gjev heimel til å redusera størrelsen av ein søknad om tilleggsareal for ein eldre hytteeigedom i eit LNF område.

Tilsvarande usikkerheit er det også med å vurdere arealet av hytteeigedomen i saman med søknadsarealet på 1,5da, som dermed til saman vert ca.2da. For så å trekkja ifrå 0,5da da.

Formannskapet finn det også spesielt at klagaren som i mange år har tinglyst avtale over full disposisjonsrett over vel 2,0da, ikkje skal få lov til å verta formell eigar av heile eigedomen. Ein eigedom i utmark der bergknauser og skrentar hindrar full utnyttelse.

Formannskapet meiner vidare at når nabohytta gbnr 42/9 gong på gong har fått ja til søknader om tilleggsareal og i dag har eit areal på nær 2,0da vil det opplevast som kommunal forskjellshandsaming.

Formannskapet vil utifrå ei samla vurdering gje klagaren medhald i klagen.

080/2021: Framlegg til kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2021 - 2033

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet vedtek å senda framlegg til kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2021 – 2032 ut på offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-14.

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Erlend Kvamsdal (H) ba om at

- kryssløysing for Risneskrysset i henhold til kommunedelplanens planskildring side 93 under langsiktige tiltak fylkesveg vert tatt inn i planen før trafikksikringsplanen vert lagt ut på høyring
- pkt 9 i Fylkesveg Strakstiltak vert delt i to der "Fjerne "grøne tunnelar", skog rydding, fjerne parkering langs vegen. " vert eit eige punkt og "Redusere fartsgrensen til 60 km/t frå Hostelandstunnelen til ca. 100 meter vest for kryss Areklettvegen" vert eit eige punkt (prioritert tiltak) før trafikksikringsplanen vert lagt ut på høyring

Torill Torsvik Størkersen (Ap) ba om at

- pkt. 10 i Handlingsplanen: Fortaugang og sykkelveg langs Fv. 570 bør endrast til « Nautesund Camping – kommunegrense til Gulen kommunen, Ildalen (Grunngjeving: Tilknytning til gang og sykkelveg i Gulen kommune til bustadfelt i Hovden) før planen vert lagt ut høyring

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 080/2021 VEDTAK:

Formannskapet vedtek å senda framlegg til kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2021 – 2032 ut på offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-14.

**081/2021: Oppstart av kommunedelplan for drikkevatt og avlaup for Masfjorden
kommune 2021 - 2033**

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-12 oppstart og kunngjering av arbeidet med kommunedelplan for drikkevatt og avlaup for Masfjorden kommune 2021 – 2033, og at framlegg til planprogram dagsett 23.09.2021 vert sendt på høyring i medhald av § 4-1 i same lov.

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 081/2021 VEDTAK:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-12 oppstart og kunngjering av arbeidet med kommunedelplan for drikkevatt og avlaup for Masfjorden kommune 2021 – 2033, og at framlegg til planprogram dagsett 23.09.2021 vert sendt på høyring i medhald av § 4-1 i same lov.

082/2021: Oppstart av reguleringsplan for Botnaneset gnr 31 bnr 1 m.fl.

Rådmannen sitt framlegg:

Det vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-8 vedteke oppstart av reguleringsplan for Botnaneset gnr 31 bnr 1 m.fl.

Framlegg til planprogram for reguleringsplan for Botnaneset vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 4-1 sendt på høyring.

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Erlend Kvamsdal (H) kom med framlegg om at følgjande pkt vert tatt inn i planprogrammet før det vert sendt på høyring:

For å styrke grunnlaget for ein reguleringsplan for Botnaneset må planprogrammet legge føringar for arkitektur, arealutnytting og kulturmiljø for planområdet, t.d.:

Bustadane vil vere i kort avstand til skule og barnehage, og såleis kunne vere retta mot t.d. familiar i etableringsfasen.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 082/2021 VEDTAK:

Det vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-8 vedteke oppstart av reguleringsplan for Botnaneset gnr 31 bnr 1 m.fl.

Framlegg til planprogram for reguleringsplan for Botnaneset vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 4-1 sendt på høyring.

083/2021: Utbygging av Risnes tomteområde ved Dragseidet -

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram til drøfting, om Masfjorden kommune skal gå i forhandlingar om inngåing av utbyggingsavtale med selskapet Nordbohus Sogn AS, og som inkluderer kjøp av sju bustadtomter på vilkår nemnd i saka.

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

Rådmannen får fullmakt til å gå i forhandlingar om inngåing av utbyggingsavtale med selskapet Nordbohus Sogn AS, som og inkluderer kjøp av sju bustadtomter på vilkår nemnd i saka.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

FS - 083/2021 VEDTAK:

Rådmannen får fullmakt til å gå i forhandlingar om inngåing av utbyggingsavtale med selskapet Nordbohus Sogn AS, og som inkluderer kjøp av sju bustadtomter på vilkår nemnd i saka.

084/2021: Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031

Rådmannen sitt framlegg:

- Masfjorden kommune sluttar seg til innhald og føringar i «*Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031*», og forpliktar seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar.
- Masfjorden kommune sluttar seg til at Kommunalsjefgruppa for helse og omsorg i Nordhordland får i oppdrag å koordinera og organisera oppfølging av prioriterte område i planen.
- Masfjorden kommune sluttar seg til at det vert utarbeidd handlingsplan for konkretisering av tiltak knytt til dei prioriterte områda, og at Rådmannsutvalet får mandat til å godkjenne tiltak i handlingsplan.
- Masfjorden kommune legg til grunn at konkrete tiltak som forpliktar må forankrast i kommunen, og kommunen kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid sjølv om ein har slutta seg til planen.

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 084/2021 VEDTAK:

- **Masfjorden kommune sluttar seg til innhald og føringar i «*Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031*», og forpliktar seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar.**
 - **Masfjorden kommune sluttar seg til at Kommunalsjefgruppa for helse og omsorg i Nordhordland får i oppdrag å koordinera og organisera oppfølging av prioriterte område i planen.**
 - **Masfjorden kommune sluttar seg til at det vert utarbeidd handlingsplan for konkretisering av tiltak knytt til dei prioriterte områda, og at Rådmannsutvalet får mandat til å godkjenne tiltak i handlingsplan.**
 - **Masfjorden kommune legg til grunn at konkrete tiltak som forpliktar må forankrast i kommunen, og kommunen kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid sjølv om ein har slutta seg til planen.**
-

085/2021: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Delegerte saker:

Sak 1 - Melding om delegert vedtak - Søknad om skjenkeløyve for oktoberfest på Nordbygda samfunnshus

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 085/2021 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering

086/2021: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Ragnhild Undertun, GMU orienterte om arbeid / prosess kring Vestlandsscenarioer 2020.

Referatsaker:

Skriv 1 - Uttale frå Vestland fylkesting, 30 september 2021

Skriv 1 - Spelemidlar 2021, orientering

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 086/2021 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

087/2021: Framlegg til revisjon vedtekter for Masfjorden Ungdomsråd

Rådmannen sitt framlegg:

Skriv inn framlegg til vedtak her

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 087/2021 VEDTAK:

Vedtektene for Masfjorden Ungdomsråd vert endra slik dei ligg ved.

088/2021: Søknad om forskottering tippemidler m.m. - Kvinge grendalag

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune yter Kvinge Grendelag eit lån på inntil kr. 440.000,- som forskottering av tippemidler, lånet vert gitt med rente- og avdragsfri periode på 1 år. Vert forskotteringa utover 1 år, legg ein til grunn ordinær utlånsvilkår, for utlån frå kommunen.

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 088/2021 VEDTAK:

Masfjorden kommune yter Kvinge Grendelag eit lån på inntil kr. 440.000,- som forskottering av tippemidler, lånet vert gitt med rente- og avdragsfri periode på 1 år. Vert forskotteringa utover 1 år, legg ein til grunn ordinær utlånsvilkår, for utlån frå kommunen.

089/2021: Frivilligsentral i Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Rapport frå arbeidsgruppa for fornying av Masfjorden Frivilligsentral vert lagt fram for vidare drøfting og oppfølging.

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

Formannskapet tek rapporten frå arbeidsgruppa for fornying av Masfjorden Frivilligsentral til vitring og sender rapporten vidare til rådmannen for innarbeiding i framlegg til budsjett 2022.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke

FS - 089/2021 VEDTAK:

Formannskapet tek rapporten frå arbeidsgruppa for fornying av Masfjorden Frivilligsentral til vitring og sender rapporten vidare til rådmannen for innarbeiding i framlegg til budsjett 2022.

090/2021: Økonomisk rapportering - 2.tertial 2021

Rådmannen sitt framlegg:

2.tertialrapport vert teken til vitring.

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 090/2021 VEDTAK:

2.tertialrapport vert teken til vitring.

091/2021: Revidert framlegg til reguleringsplan for Storeskjeret på Sandnes

Rådmannen sitt framlegg:

Reguleringsplan for Storeskjeret gnr 30 bnr 23 m.fl. vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10 sendt ut til offentleg ettersyn. Det vert vist til vedlagde plankart av 11.10.2021, føresegner m.v. og til planskildring av 14.10.2021.

Eigen ROS-analyse knytt til brann- og eksplosjonsfare frå tankanlegget skal liggje føre når planen går ut på offentleg ettersyn.

18.10.2021 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 091/2021 VEDTAK:

Reguleringsplan for Storeskjeret gnr 30 bnr 23 m.fl. vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10 sendt ut til offentleg ettersyn. Det vert vist til vedlagde plankart av 11.10.2021, føresegner m.v. og til planskildring av 14.10.2021.

Eigen ROS-analyse knytt til brann- og eksplosjonsfare frå tankanlegget skal liggje føre når planen går ut på offentleg ettersyn.

Rett utskrift frå møteboka frå formannskapet 18.10.21 vert vitna:

Karstein Totland
ordførar

Torill Torsvik Størkensen
varaordførar